

LEIGEKONTRAKT

Mellom Manger Kvinne- og Familielag, 5936 Manger - som utleigar og
 Radøy kommune, 5936 Manger - som leigetakar

Leigetilhøvet gjeld:

Manger Kvinne- og Familielag sin eigedom gnr. 45, bnr. 1 feste nr 77.
 Prestmarka barnehage.

Radøy kommune skal disponera huset og eigedomen og driva heildagsbarnehage i dei leigde lokala.
 Manger Kvinne og Familielag skal kunna disponera huset til medlemsmøte kvar torsdag frå kl. 18.00.
 Eventuelle endringar må gjerast i samråd med leigetakar.

Utleigar skal ha ansvar for:

- Vedlikehald av huset utvendig og innvendig
- Vedlikehald av vegg/golv – fast inventar
- Betaling av bygsleavgift
- Forsikring av huset etter gjeldande takstar.

Leigetakar skal ha ansvar for:

- Vedlikehald og fornying av inventar, leikar inne
- Vedlikehald og fornying av leikeutstyr ute
- Vedlikehald av leikeområdet ute og uteskur
- Vedlikehald av gjerdet rundt tomta
- Forsikringar som gjeld borna, innbu etc.
- Dekking av kommunale avgifter
- Utgifter til drift, eks. rekneskap, lys tlf. o.l.


Husleiga er sett til kr 9.500,- pr. mnd., 12 mndr. i året og vert fast i leigeperioden.
 Husleiga skal innbetalast forskotsvis for kvar månad.
 Elles vert vedteke husleigelovas føresegner som gjeldande mellom partane.

Leigeavtalen gjeld i 3 år frå 01.01.2015.
 Leigeavtalen kan seiast opp av begge partar med 6 månaders varsel.

Denne kontrakt er utferda i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Manger, 14. oktober 2014

Som leigetakar:
 Radøy kommune


 Jo Tømmerbakke
 Kommunalsjef oppvekst

Som utleigar:
 Manger Kvinne og Familielag


 Astrid Hagen